

**Haldis Myklebust har søkt om dispensasjon for frådelling av eit areal som er lagt ut som LNF-område i arealdelen til kommuneplanen.  
Men fylkesmannen stiller seg negativt og rår frå at det vert gjeve dispensasjon.**

Fylkesmannen viser til at tiltaket er i strid med arealføremålet i overordna plan. Det gjeld frådelling av omlag fire mål frå 127/5 til 127/8 som skal nyttast til næringsføremål og som tilleggsareal til 127/8.

Fylkesmannen er kritisk til at det vert disponert frå kommuneplanen til frådelling til næring i eit LNF-område. Saka er dessutan for dårleg opplyst med omsyn til uheldige landskapsverknader. Fylkesmannen meiner at tiltaket er så omfattande at det utløyser reguleringsplikt etter plan- og bygningslova. Terskelen for å utløysa reguleringsplikt er lågare i område med særleg verdifullt kultur- eller naturlandskap, områder som er prega av bevaringsverdig busetjing eller på annan måte har særleg vernekarakter.

Fylkesmannen minnar om at kommuneplanen skal vera førande for arealbruken i kommunen. Dispensasjonar gjer det vanskeleg å gjennomføra ei heilskapleg arealbruk og vil på sikt kunna bidra til å svekka planverket og utvatna arealføremåla.

Etter ei nærare vurdering har fylkesmannen kome fram til at det i denne saka ikkje er tungtvegande grunnar som kan slå igjennom overfor dei omsyn som plan- og bygningslova er meint å ivareta. Men hvis kommunen likevel vel å gje dispensasjon, ber fylkesmannen om å få oversendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Av Ola Matti Mathisen